



Aurland kommune
Vangen 1
5745 AURLAND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Aurland kommune – ny handsaming av budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Aurland kommunestyre vedtok i møte 12.12.2019 budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 i sak133/19. Dokumenta med utskrift av sakshandsaminga er sendt til Fylkesmannen, og vi har hatt ein gjennomgang av desse.

Ny kommunelov med forskrifter for økonomiforvaltninga vart gjort gjeldande frå budsjettåret 2020. I vår gjennomgang har vi registrert at Aurland kommune har vist/referert til gamal kommunelov i handsaming og vedtak av budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023. Økonomiske oversikter er og utarbeidd og vedteke etter forskrifter knytte til gamal lov. Det betyr at budsjett og økonomiplan ikkje er vedteke etter gjeldande lov og forskrift. For nærmare informasjon viser vi til vårt brev om *handsaming av budsjett og økonomiplan – innsending til Fylkesmannen*, sendt til kommunane i Vestland 7. november 2019.

Fylkesmannen ber om at Aurland kommunestyre i samband med første budsjettrevisjon, og innan 30. juni 2020, på nytt handsamar og vedtek budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 etter ny kommunelov med forskrifter for økonomiforvaltninga.

Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent